

Kyrkjeblad for Fjaler

nr.2 august 2022
80. årgang



Minnet sin flamme



Ein ung misjonær reiste til New-Guinea der han kort etter døydde av ein tropesjukdom. Misjonærens far var utrøysteleg. Han sat med andletet i hendene og klaga: «Eg kan ikkje gløyme, eg kan ikkje gløyme».

Då sa den unge enka: «Svigerfar, eg har også prøvd å gløyme. No prøver eg å hugse.»

Johan Falkberget fortel om ein fattig gruvearbeidar som døydde frå ein stor barneflokk. Borna elska faren og sørga djupt. Alt som minte om han gøymde dei omsorgsfullt. På stien som førte frå den vesle stova over til gruva, oppdaga dei merke etter faren sine store støvlar. Då gjekk dei inn i skogen og la flate steinar over farens fotspor for at ikkje framande føter skulle slette dei ut.

På ein kyrkjegard i Milano er det ei gravstøtte som viser ei knelende kvinne som rekker armene ut på begge sider av eit brennande bluss. Andletet og hendene talar om noko intenst og vaksamt. Elden må for all del ikkje slokne. Den elden ho vaktar, er minnet sin flamme.

I gravferder løftar vi fram våre kjære sine minne. I dette minnet kan sjølv ein liten ting vere av stor verdi;

eit bilete, den gode maten, eller eit handarbeid. Det er som ein heilagdom. Å verne om dei fotspora dei etterlet. Å verne om minnet sin flamme.

Men kanskje like dyrebart som minnet, er håpet om at vi ein gong skal sjå våre kjære igjen. Det kristne håpet er eit levande håp som bygger på Jesu Kristi oppstode frå dei døde. Jesus har gått i forvegen – gjennom si oppstode.

Det siste spadetaket på grava lyder: Av jorda skal du igjen stå opp. Jordelivet er kort. Om ikkje lenge er også våre dagar talte. Men når håpet får lyse over sorga, kan alt forvandlast til glad forventning.

Då disiplane møtte Jesus etter oppstoda, kjente dei han att. Jesus seier at han vil kome tilbake og ta oss med slik at vi skal vere der han er (Joh. kap. 14). Dette er det kristne håpet at vi ein gong skal få snakke saman igjen med alt som ligg oss på hjartet i ein tilstand av fred og lukke. Og då skal vi aldri meir skiljast.

Knut Arne Kummeneje

På kyrkjebakken

KUNNGJERINGAR ER TILBAKE!

Endringar i den lokale grunnordninga for gudstenester i Fjaler

Soknerådet har evaluert den nye lokale grunnordninga etter eit års bruk og vedtok i juni to endringar som skal gjerast kjend for kyrkjelyden:

- Det skal framover vere kunngjeringar i gudstenester igjen, plassert ved slutten av gudstenester, før presten seier utsendingsorda: Gå i fred. Ten Herren med glede. Oftast vert dette etter orgelpostludiet. Under kunngjeringar kan det kome opplysninger om det som skal skje like etter gudstenesta, t.d. om kyrkjekaffi eller om ein utgangsprosjesjon. Ein kan også opplyse om det som skal skje av kyrkjelege aktivitetar og møte i løpet av dei kommande vekene.
- Songen Du Guds Lam/Agnus Dei skal syngast alltid før presten inviterer til nattverdsutdelinga i alle gudstenestene, altså før presten seier orda: Kom, for alt er gjort ferdig. Soknerådet vurderer at det vert meir føreseieleg at kyrkjelyden alltid går fram til nattverdsmåltidet etter å ha sunge «Du Guds Lam».

I tillegg vedtok soknerådet at det er ønskeleg med fleire medverkande og songinnslag mot betaling i einskilde gudstenester, t.d. på 17. mai i Dale kyrkje.

Fasteaksjon

Tusen takk til alle som gav pengegåve til årets fasteaksjon til Kirkens Nødhjelp. I Fjaler kom det inn kr 35467,- inkludert fastebøsser og Vipps.



Ei minnegudsteneste for Fjaler sokn Allehelgensdag/Helgemessesøndag

Fjaler sokn har dei siste åra hatt tre minnegudstenester Allehelgensdag/Helgemessesøndag – i Dale kyrkje, Folkestad bedehuskapell og Guddal kyrkje. På grunn av mindre ressursar og i tråd med praksis i andre sokn, har soknerådet vedtatt at det i Fjaler framover blir ei minnegudsteneste for heile soknet – i hovudkyrkja, Dale kyrkje.



«Mi kyrkjebok» til 6-åringen

I september har vi samlingar for 6-åringane i Fjaler. Dei får 6-årsboka med arbeidshefte. Mi kyrkjebok 6 handlar om Nora som netti har begynt på skulen. Boka har òg mange spennande forteljingar frå Bibelen, og vi får høyre om dei kristne høgtidene; jul, påske og pinse. I arbeidsheftet er det mange morosame oppgåver å gjere, både å streke, teikne, og fargelegge. Alle 6-åringane i Fjaler blir invitert til ei felles laurdagssamling i Dale kyrkje. Gudsteneste med utdeling av

6-årsboka er: 25. september kl. 11.00 i Dale kyrkje, og kl. 14.00 Folkestad bedehuskapell.

For 4-åringane!

I november er det 4-åringane sin tur til å få bok. For alle 4-åringane i Fjaler blir det ei felles samling laurdag 19. november kl. 10.30-11.30 i Dale kyrkje. Elles blir det utdeling av 4-årsboka desse datoane: 20. november: Dale kyrkje kl. 11 og Folkestad kapell kl. 14.

«Middag og misjon» på Ljosheim i Dale

Til deg som er født i 2009! Vi inviterer deg til å vere med på eit spennande opplegg om misjon på Ljosheim i Dale torsdag 10. november kl. 15-17. Kom til Ljosheim og høyr om det spennande arbeidet som skjer i verda – med særleg fokus på Det norske misjonsselskapet, forkorta NMS, sitt arbeid i Midtausten – der dei mellom anna jobbar for å gje foreldreause barn eit verdig liv. På samlinga skal vi i tillegg til mat ha morosame leikar og konkurransar. Vel møtt! Vi håpar å sjå nettopp DEG!

ANNONSEPLASS TIL SALG

Kr. 500 pr. annonse pr. blad i visittkortstorleik, lik denne. 3 kyrkjeblad pr år kr 1 500. Dobbel storleik – dobbel pris.

Vi ønskjer å starte å selje annonse i Kyrkjeblad for Fjaler. Dette for å auke inntektene slik at vi kan halde fram med å lage eit godt og interessant blad.

LJOSHEIM er til leige

Ljosheim er soknet sitt hus i Dale. Hovudetasjen har no tilkomst for alle. Med rullestolrampe og handikoptoalett eignar huset seg godt til ulike tilskippingar. Til mindre arrangement kan det nye minikjøkkenet i småsalen nyttast. Her er det vanleg oppvaskmaskin, lite kjøleskåp og mikrobølgeovn. Kjøkkenet i kjellaren er òg pussa opp med nye kjøkkenbenkar m.m. Her er alt du treng til større arrangement. Attmed kjøkkenet er matsalen. Kjellaren har eigen inngang, også her er det handikoptoalett. Kom gjerne innom oss på kyrkjekontoret så viser vi deg huset og kan avtale leige.

Ny tid på Fjaler kyrkjekontor

Det gamle telefonsystemet vårt blir erstatta av ein enkel mobiltelefon, men nummeret som alltid har vore i bruk blir vidareført saman med det nye til mobiltelefonen. Ringer du 57 73 97 70 kjem du framleis til oss. Det gjer du også på det nye nummeret: 40 50 94 52. Sjå elles under "om oss" og kontaktinformasjon på heimesida vår: <https://kyrkja.no/fjaler>

Framsidedilde: Guddal kyrkje, foto Joy Taylor

Lada opp til konfirmasjonen med helgesamling på Alværa



Klart for heimreis etter ei fin og nyttig helg på Alværa. Framme f.v. Tuva Gallefoss, Sander Viken Hjellbrekke, Alve Nistad Blikås, Benjamin Tveit Nødset, Agnes Gunhildsdotter Sævik og Nora Mundal Nistad. Ståande f.v. Ane Mandelid Sandøy, Haldor Vårdal, Arwin Sande-Neset, Troy Solheim Hjartholm, Thea Kvile Hjartholm, Frida Tjugen Thorbjørnsrød, Lone Kyrkjebø Solheim, Amanda Antonisen (bak), Laura Dyregrov, Thea Heggheim Møller, Sigrid Halveg Nistad og sokneprest Knut Arne Kummeneje.

17 av dei 21 konfirmantane i Fjaler denne våren sette kvarandre stemne på Alværa ei helg før påske. Med seg hadde dei sin eigen sokneprest Knut Arne Kummeneje og Kjell Olav Høstaker Nordheim i Askvoll som leiarar.

Det har vorte tradisjon at konfirmantane i Fjaler samlast til ei innspurthelg på Alværa ved vakre Sognefjorden. Leirstaden ligg fint til og er eigna til slik bruk, både ute og inne. At konfirmantane frå Fjaler kjem hit, er berre rett og rimeleg, etter som arkitektfirmaet Olav Hovland i Dale i si tid teikna senteret, og A. K. Sætènes i Dale var hovudentreprenør. Helga vart

avslutta med samtalegudsteneste i Dale kyrkje søndag kveld.

Helga på Alværa er eit høgdepunkt der dei får tid til det faglege, det matnyttige og det å berre vere saman, inne og ute. Dei øver og førebur dramatiseringar til samtalegudstenesta søndag kveld, og dei førebur fasteaksjonen måndag og tysdag etter gudstenesta. Då skal dei gå i tildelte roder med fastebøsser og samle inn pengar til Kirkens Nødhjelps fasteaksjon. Tilgang på reint vatn er ei hovudsak. I år vart mykje av fokuset også retta mot den håplause situasjonen i Ukraina.

Atle Lyngstad Ness



Knut Arne Kummeneje begynte å køyre buss i Oslo i studietida og trivst framleis godt bak rattet og syter for transporten.



Mellom snøbygene spelte konfirmantane volleyball og avvikla natursti, med spørsmål av ulikt slag. F.v. Tuva Gallefoss, Laura Dyregrov og Thea Heggheim Møller, alle frå Guddal, greidde dei fleste oppgåvene.



Alværa-helga rommer tid til uteaktivitet. Haldor Vårdal fiksa god søndagsmiddag frå Sognefjorden.



Alle har vi litt av kvart på samvitet frå «den svarte sekken». F.v. Alve Nistad Blikås, Troy Thorbjørnsrød, Sander Viken Hjellbrekke, Benjamin Tveit Nødset, Agnes Gunhildsdotter Solheim Hjartholm, Haldor Vårdal og Arwin Sande-Neset viser døme på det.



Frå dramatiseringa i gudstenesta etter Alværa-helga. F.v. Sigrid Halveg Nistad, Frida Tjugen Thorbjørnsrød, Sander Viken Hjellbrekke, Benjamin Tveit Nødset, Agnes Gunhildsdotter Solheim Hjartholm, Lone Kyrkjebø Solheim og Thea Kvile Hjartholm.

Konfirmasjonane våren 2022



Konfirmantane i Dale kyrkje laurdag 7. mai

Framme f.v. Amanda Antonisen, Lone Kyrkjebø Solheim, Frida Tjugen Thorbjørnsrød, Thea Kvile Hjartholm.

I midten f.v. Sokneprest Knut Arne Kummeneje, Agnes Gunhildsdotter Sævik, Nora Mundal Nistad, Rebekka Stubhaug Gotteberg, Sigrid Halveg Nistad. Bak f.v. Alve Nistad Blikås, Haldor Vårdal, Sander Viken Hjøllbrekke, Arwin Sande-Neset, Troy Solheim Hjartholm.



Konfirmantane i Folkestad kapell laurdag 30. april

Frå venstre: Sokneprest Knut Arne Kummeneje, Troy André Stølen, Emma Haugstad, Benjamin Tveit Nødset.



Konfirmantane i Guddal kyrkje laurdag 14. mai

Frå venstre Ane Mandelid Sandøy, Malene Boge, Laura Dyregrov, Thea Heggheim Møller, Tuva Gallefoss, sokneprest Knut Arne Kummeneje.

Påskesamlingar for dei yngre

Å samlast i kyrkja ved juletid er naturleg, rett og viktig for mange. At påsken og det som hende då er endå større og viktigare for kyrkja, har ikkje alle eit like klart forhold til. Men veka frå inntoget i Jerusalem palmesøndag, via skjærtorsdag med fotvasking og innstifting av nattverden, og langfredag med dramaet i Getsemane, krossfesting og død, og til sist oppstoda påskedag må ha sin viktige plass i kyrkja vår.

Tradisjonen tru var det også i år samlingar for dei yngste i kyrkja før påske. Under skulegudstenesta i Dale fredagen før palmehelga, deltok elevar frå Dingemoen med dramatisering av delar av påskebodskapen.

Etter dette var dei eldste frå barnehagane i Dale med på ei kort samling i kyrkja med Knut Arne og Mark i ord, tonar og dramatisering.

Atle Lyngstad Ness



7. klasse ved Dingemoen hadde ei fin dramatisering under skulegudstenesta før påske. F.v. Laura Standnes, Ida Dale, Bignia Losnegard, Astrid Sandsund-Lie, Pernille Bråtane, Ida Hjartholm, Sara Hofstad, Viljar Berg, Magnus Strand, Zaki Sido. Framme Maiken Norddal. Foto: Tone Strand Løseth

Kirkerottene engasjerer



Ingenting å utsetje på engasjement korkkje hos skodespelarar eller eit publikum som nesten ikkje greier å sitje i ro i idet leiteaksjonen etter det bortkomne lammet nærmar seg ein lukkeleg slutt.



Spenninga var til å ta og føle på....får håpe dei finn det stakkars lammet!

Sauesanking er vel kjent her hos oss, sjølv om talet på sauer rundt om på gardane ikkje er i vekst. Dei som har sauer og lir smertelege tap når dyr ikkje kjem heim att frå sommararbeite, veit vel kva det har å seie. Sau, gjetar, hyrding og det å komme på avegar, og heim, er også vel kjende problemstillingar frå Bibelen.

Dette var tema då Kirkerottene og Lea Mus gjesta Dale kyrkje tidlegare i år. Born frå Yksnebjør

og Elvetun var dei heldige som fekk sjå teaterframsyninga «Sauen som ble borte - og funnet igjen». Kari prest og Viggo fortalde og spelte fengslende, og publikum gav dei full valuta for innsatsen. Her var det skjerpings til tusen og stort engasjement!

Fellesskap og å høyre til, sagn og vennskap er sentralt, og målet med framsyninga er å dokumentere at Gud er glad i alle.



Kirkerottene har vore i Dale før og kjem sikkert igjen. Marie Cathrine Brostven Hagen held Fredo-dokka, medan Jo-Terje Høyvesveen held Vesle. Dei hadde med seg tekniker Kristian Sandmark til Dale.



Innhogging av nye namn og oppfrisking av skrifta på gravminne.

Kyrkjeverja formidlar kontakt med ein som kjem vår og haust og gjer slikt arbeid.

Ta gjerne kontakt!

Steinhoggar i 51 år

Sidan 1998 har Per Gunnar Silseth (69) frå Eide på Nordmøre vore i Fjaler kvar haust og vår. På dei 50 turane har steinhoggaren hatt om hende ei utal gravminne og vore mange til god hjelp.



Arbeidsbilen er mindre enn før, men Per Gunnar Silseth (69) har det han treng for å vedlikehalde steinar og få på plass nye namn. Han har også maskin der han kan programmere inn teksten, men på eldre steinar der det er hogge for hand før, må han gjere det no òg, for å få det likt.

Eide var tidlegare eigen kommune, men er no ein del av Hustadvika kommune og ligg midtvegs mellom Molde og Kristiansund. Steinindustrien der hadde om lag same rolla som skofabrikken i Dale eller skifabrikken på Åsnes: svært mange av dei unge var inn om her i starten av arbeidslivet. Slik også med unge Per Gunnar Silseth.

Vestlandet og Nord Norge

– Der er om lag 10 bedrifter knytte til steinsindustri på Eide. Eg var innoom fleire av dei, frå eg begynte som 17-åring. Men dei siste 24-25 åra har eg vore sjølvstendig næringsdrivane med enkeltmannsføretak, seier Silseth.

Han har konsentrert seg om Vestlandet og Nord Norge. – Eg tykkjer det er flott i Nord Norge, spesielt om sommaren, så å komme dit har eg prioritert. I år vart det Hamarøy og Steigen. Tidlegare var eg heilt opp til Bardu og Målselv, og ut på Andøya, fortel Silseth.

Stein er storindustri

Når det er så mange som livnærer seg på stein på Eide, heng det saman med marmorførekomstane i fjellet. Etter bybrannen i Ålesund i 1904 skulle byen byggjast opp att i ikkje brennbart materiale, og keisar Wilhelm støtta arbeidet med kontantar, mot at dei bygde i jugendstil. Seinare gjekk det mykje stein til vegar, jernbanebruer og anna. Silseth trur at fram etter 200 er sysselsette i steinindustrien. I kommunen er der også tre kalksteinsbrot.

Attåt Fjaler, har Silseth vore i Hyllestad og Askvoll og er godt kjend i alle tre kommunane. – Det er kjekt når personar uoppfordra kjem og ønskjer meg velkommen tilbake, seier Silseth, som har prøvt å «setje på» ein som kan ta over firmaet når han gjev seg. Han har ikkje selt gravminne sjølv, og «turnélivet» begynte då eit firma som selde

steinar trong ein som reiste rundt og tok vedlikehald, sliping og hogging på eldre gravminne.

Meir vedlikehald

Gravminna var meir einsarta før, med stein og sokkel, no er det meir dekorasjonar, bruk av bronse, innfelte lykter og anna. Det er sjølvsagt dyrare, og det er vanskelegare å halde ved like. Dessutan er det meir forureining i lufta no, slik at steinane «grør» fortare enn før.

I desse 25 åra har Per Gunnar aldri vanta arbeid. Tidleg på 2000-talet var han gjerne heimanfrå i åtte veker i strekk, og sjølv om han arbeidde 15-16 timar dag, var det vanskeleg å nå over alt. Han tek på seg mindre no, og arbeidet har endra litt karakter meddi det no er oftare at ei grav blir sletta, og namna flytta over til ein annan familiestein. Silseth tykkjer det er rett

og fint, då historia blir meir teken vare på.

Øyra vert bra

På sikt trur han det kjem til å bli meir kremering, og det finst fleire døme på at dette har auka med nye krematorium, til dømes i Narvik og Bodø.

– Her på kyrkjegarden er lite plass å ta av. Eg trur det er god grunn til å takke Irene Fløde for at det «går i hop». Alt då eg kom til Fjaler første gongen var det snakk om ny gravplass, så det er på tide den kjem no. Eg trur løysinga på Øyra, med bru over elva, både vil ta seg fint ut og fungere godt. Og blir det ikkje ferdig før eg pensjonerer meg, kjem eg tilbake ein gong og ser korleis det tek seg ut, lovar 69-åringen Per Gunnar Silseth.

Av: Atle Lyngstad Ness



Om lag 50 turar har Per Gunnar Silseth hatt til Dale og Fjaler. Han tykkjer gravplassen er fint helden, men det minkar på plassen, så utvidinga på Øyra er nødvendig, og han trur det blir fint.

Markusevangeliet

Markusevangeliet er evangelisten Markus' beretning om Jesu` liv og virke. Evangeliets 16 kapitler kan deles inn i rundt 90 beretninger, assimiler og liknelser, og er det korteste av de fire evangeliene i det Nye Testamentet. I min multimedia-forestilling forteller jeg Markusevangeliet - tekst tro og uten manuskript.

Jeg har reist på kryss og tvers i Midtøsten og gått i Kristi fotspor og fotografert det kulturelle landskapet i Israel, Jordan og Egypt på leting etter 90 Bibelske motiver som illustrerer Markusevangeliets 16 kapitler, og som jeg viser på en skjerm samtidig som jeg forteller evangeliet.

Fotografiene illustrerer evangeliet med utgangspunkt i om Jesus hadde kommet til et Postmodernistisk Midtøsten i 2020 - med det mener jeg hans første komme, og ikke hans andre.

Dette har jeg satt sammen med korte innslag av egenkomponert musikk spilt på fiolin.

Multimedia-konseptet med fortellinger, fotografier og fiolin er et relativt sjeldent kunstnerisk uttrykk. De tre mediene kan gi en sterk cinematisk opplevelse. En av fordelene er at man i denne enslige prosessen har

mulighet til å være sin egen historieforteller, regissør og produsent. Konseptet med bilder, fortellinger og musikk er riktignok en typisk Midtøsten fortellerteknikk, som for eksempel "Parde Khaani" som er en tradisjonell kafè-hus-forteller-stil der en omreisende forteller maler handlingens forløp på et lerret, samtidig som han forteller og synger/spiller. Det er likevell lite trolig at de tidlige Apostlene brukte visuell kunst og musikk da de spredte Ordet i det første århundre.

Multimediaforestillingen «Markusevangeliet» er et oppfølgerprosjekt til «Mitt Nabolag» - en kritiker-rost forestilling som jeg i årene 2016-19 oppførte rundt 200 ganger omkring i Norge og i andre land, bl.a. på Preus Fotomuseum, Ibsenmuseet i Skien, Kilden Teater og konserthus i Kristiansand, Litteraturhuset i Bergen og Petter Dass-museet på Alstahaug.

Dette med støtte fra bl.a. «Fritt Ord» og «Stiftelsen Thomas Fearnley, Heddy og Nils Astrup» .

<https://www.youtube.com/watch?v=vertlbnfrhU&t=756s>

hjemmeside: <http://christianstejskal.com/>



CV Christian Stejskal

Christian Stejskal (f. 12.09-1977) er utdannet fiolinist ved Musikk høyskolene i Oslo, Hannover og Bern. Han har jobbet som fiolinist i følgende profesjonell orkestre; Den Norske Opera, Trondheim Symfoni orkester, Kristiansand Kammerorkester, Tromsø Kammerorkester og Stavanger Symfoni orkester. Fra 2010 til 2013 jobbet han som første fiolinist i Kairo Opera orkester. I 2013-14 reiste han til Gaza hvor han gjorde en musikalsk teaterforestilling kalt: «Oksen Ferdinand» for palestinske barn i samtlige 185 FN skoler over hele Gaza. Dette arbeidet ble gjennomført med støtte fra Det Norske utenriks ministerium, et utdrag av denne forestillingen kan sees på følgende link: <https://www.youtube.com/watch?v=Ba7m-U01CM>.

I 2008 gjorde han en pilegrimsferd til fots fra sin fødeby Wien i Østerrike - via Jerusalem, til den hellige byen Aksum i Etiopia. Han brukte 2 år på denne reisen. Underveis på denne ferden møtte han Kairos «Zabaleenerne»- byens uoffisielle kristne søppelarbeidere som bor i den såkalte Søppelbyen». Inspirert av dette møtet brukte han 5 år på å fotografere disse menneskene og skrive korte fortellinger om dem, samtidig som han jobbet som fiolinist på Kairos operahus. Dette resulterte i en multimedia forestilling kalt «Mitt Nabolag», og også en foto-bok med samme tittel.

Til sitt arbeide «Mitt Nabolag» har han mottatt stipendier fra den norske ambassaden i Kairo (2011), «Fritt Ord» (2015, 2016 og 2017) samt «Stiftelsen Astrup Fearnley» (2016). I 2012 nådde han finalen i den prestisjetunge «Antropographia» konkurransen med en påfølgende utstilling med 25



av sine fotografier i New York. Samme året vant han publikums prisen i «Ljubljana international photo competition». I 2016-19 gjorde han turneer med multimedia forestillingen «Mitt Nabolag» med rundt 200 konserter i Norge, bla på Preus Fotomuseum, «Kilden» kulturhus i Kristiansand, Ibsenhuset i Skien, Petter Dass-museet ved Sandnessjøen, samt konserter i Sverige, Danmark, Skottland og Egypt. Videre konserter er gjennomført i regi av Folke Akademiet i Oppland, Agder, sør-Hålogaland og Hordaland og den kulturelle skolesekken i Oppland. En foto bok om «Zabaleenerne» er utgitt på Kontur Forlag i 2018.

TRENGER DU NOEN Å
SNAKKE MED?

Noen som ringer tenker på å ta sitt eget liv, andre er usikre, ensomme eller redde.
Noen trenger bare å slå av en prat.

Ring eller skriv. Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no

SOS
22 40 00 40

SOS
MELDING

SOS
CHAT

 **KIRKENS**
SOS

NMS sitt arbeid i Midtausten

Når foreldrene ikke lenger kan livnære familien må ofte gutter slutte på skolen og tjene penger. Gutter helt ned til 10 års alderen må jobbe hardt, og ikke sjelden blir de utsatt for vold og overgrep. På Anafora får de hjelp.

Når foreldrene ikke lenger kan livnære familien må ofte gutter slutte på skolen og tjene penger. Gutter helt ned til 10 års alderen må jobbe hardt, og ikke sjelden blir de utsatt for vold og overgrep. På Anafora får de hjelp.

Guttene tar igjen lærestoffet og får også bibelundervisning. Men de får også mulighet til å utforske sine kreative talenter, bruker søppel og brukt materiale til å lage nye ting, lærer å veve osv. De blir verdsatt, akseptert og møter kjærlighet og varme. De får styrke og selvtillit og får bygget karakteren sin. Siden Anafora betaler lommepenger, kan de støtte sin familie når de kommer tilbake og begynne på skolen igjen. Hittil klarte alle å begynne på neste trinnet.

Under møtet med munken Antonius hørte jeg følgende fortelling om Mina, en 13 år gammel gutt: munken Antonius gikk gjennom en landsby i Qussia, sør i Egypt, og så Mina som jobbet in et bakeri. Han fikk 10 Pund hver dag (omtrent 10 NOK), som var nok for kveldsmaten for hele familien. Faren kunne ikke lenger jobbe grunnet et handikap. Munken Antonius tilbød Mina det dobbelte, hvis han ville komme til sommerleiren ved Anafora og ba han å spørre om tillatelse fra foreldrene. Mina gikk hjem og spurte faren om lov, men han kom ikke videre enn til å si én setning før faren slo him. Mina klarte ikke å komme så langt at han ville tjene det dobbelte. Så han snakket med moren og sammen traff de munken Antonius som kunne overbevise mora. Anafora sendte pengene til familien før sommerleiren begynte, og g Mina kunne dra til Anafora. Han var en ivrig elev.

For å unngå at guttene må droppe ut igjen – lommepengene rekker ikke et helt år – tilrettelegger Anafora for at familien skal ha inntekt, enten gjennom støtte fra kirken/menigheten eller gjennom inntektsbringende aktiviteter.

Akkurat nå har 175 gutter kommet til Anafora. De er 10 og 11 år gamle og skal være på dette fredelige stedet i 5 uker. Etter dem kommer 200 gutter mellom 12 og 13 år, også for fem uker.

Da jeg var i Anafora møtte jeg også grunnleggeren av Anafora, Biskop Thomas. Han fortalte følgende opplevelse han hadde for mange år siden: Da han var på Anafora kom en gutt, kanskje 10 år gammel,



til ham og spurte om jobb. Han var en av mange som prøvde det samme. Biskopen argumenterte for at gutten ikke skulle jobbe, men gå på skolen. Gutten svarte og spurte biskopen: hva ville du gjøre hvis foreldrene og søsknene dine ikke har noe å spise, ingen inntekt? Da sa biskopen at han ville prøve å finne en jobb. Men i stedet for å gi arbeid til gutten, samlet han alle guttene, ga dem penger til familien og ga dem utdanning.

Anafora er et koptisk retreatsenter i ørkenen litt nord-vest fra hovedstaden Kairo på veien til Alexandria. Stedet ble grunnlagt av Biskop Thomas, som har store visjoner og som klarte å skape dette fredelige og rolige stedet hvor alle er velkomne. Anafora får mange besøkende, ikke bare egyptere, men også mange internasjonale gjester fra hele verden.

Bildene i bloggen er fra fjorårets samling.

Tekst: Sonja Küspert, foto: Anafora

Reiskapshus ved Folkestad gravplass



Det gamle klokkehuset ved sida av kapellet i Folkestad er blitt utvida til reiskapshus. Dei to bilda syner før og etter utvidinga. I kjellaren på klokkehuset har gravplassenarbeidarane nytta eit lite rom på nokre få kvadratmeter, for oppbevaring av utstyr. Rommet i klokkehuset var tidlegare brukt som bårehus. Øvst hang kyrkjeklokka inntil tårnet på kapellet, som vart ferdig sommaren 1983, og klokka vart flytta dit.

Det var ikkje mange reiskapar det var plass til i det vesle rommet, og gravplassen hadde stort behov for meir plass for oppbevaring av utstyr. Folkestad kapell er i privat eige, og vi har god kontakt med dei lokale eigarane som var positive til dei føreslegne endringane. Dei gamle murane er beholdne slik at muren til venstre er inne i tilbygget. Einaste lokale kravet var at reiskapshuset måtte ha skifertak, som det gamle klokkehuset hadde, og som og er på kapellet.

Det gamle bygget og arealet mot kapellet sette avgrensingar for storleiken. Men vi har fått eit fint og tenleg bygg med rom til reiskapar og eit bitte lite rom der gravplassarbeidaren har vask og kan ete nista si med utsikt over fjorden. Til «andre ærend» får vi lov å låse oss inn i kjellaren i kapellet. Litt står enno att av arbeid med å få system på ting og rydding. I løpet av august håpar vi å få inn straum og vatn. Det gamle rommet vil bli ståande ulåst, og der vil ein finne litt småreiskapar og trillebåre. Det nye rommet vil vere låst. Takk til lokale eigarar for velvilje og samarbeid.

På gravplassen er det stort areal å fare over med plenklippar, slik at Jostein Folkestad som slår er glad for at vi no har fått lagerplass til ein lite plentraktor med bioklipp, noko som lettar arbeidet.

Litt historikk

Ved kommunegrensereguleringa frå 1990 vart gravplassen på Våge

overført frå Askvoll kommune til Fjaler kommune. Med ny gravplasslov i 1996, vart ansvaret for drifta lagt til Fjaler kyrkjelege fellesråd. Etter at Guddal- og Dale sokn vart slått saman til Fjaler sokn frå 2006, har Fjaler sokneråd hatt ansvar for drifta. Tidlegare var det kommunane som eigde gravplassane, men i lova som kom i 1996, står det «*Gravplassene er soknets eiendom, med mindre annet følger av særskilt rettsgrunnlag*». Men Folkestad gravplass høyrde inn under Folkestad bedehuskapell og ikkje kommunen. Gravplassen vart skilt i frå og over til soknet i desember 2001. Kommunen har finansieringsansvar. *Utgifter til anlegg, drift og forvaltning av gravplasser utredes av kommunen etter budsjettforslag fra soknet.*

Med denne utvidinga ved Folkestad gravplass, har vi i Fjaler fått nokolunde bra tenlege bygg ved alle dei fire gravplassane. Vi takkar kommunen for at det har lete seg realisere.

Kjøper du Fairtrade-merka produkt?

Når du handlar i butikken eller på nett, kjøper du Fairtrade-produkt som garanterer anstendige arbeidsforhold i fattige land?

I Fjaler har vi fokus på etisk handel. Kommunen har spela inn Fairtrade-sertifisering i innkjøpssamarbeidet sitt med Kinn kommune og kommunestyret har oppmoda kommunale tilsette til å velje Fairtrade-produkt der desse er tilgjengelege ved Fjaler kommune sine egne innkjøp, men mange fleire innbyggjarar høyrer til Den Norske Kyrkja enn dei som er tilsett i kommunen – vi kan alle gjere ein forskjell!

Stiftelsen Fairtrade Norge er samansett av fleire organisasjonar, mellom anna Den Norske Kyrkja. Fjaler sokneråd har vedtatt i handlingsplanen for Vår Grøn Kyrkjelyd tiltaket at «Vi vil utfordre butikkane i nærmiljøet vårt til å selje og profilere Fairtrade-merkte, økologiske og svanemerkte varer».

Då må alle i kyrkjelyden kjøpe Fairtrade-produkt når dei er tilgjengeleg lokalt. Forbruket vårt skal ikkje basere seg på utnytting av andre.

Gjennom betre prisar, anstendige arbeidsforhold og ei meir rettferdig avtale for bønder og arbeidarar i utviklingsland, medverkar produksjon og handel etter Fairtrade-standardane til eit meir berekraftig jordbruk og betre liv for bønder og arbeidarar i fattige land.

Fairtrade er den einaste sertifiseringa som stiller konkrete krav til betalinga bønder og plantasar får for råvarene dei dyrkar. Det er fastsett ein minimumspris per kilo/liter/stilk som er eit sikkerheitsnett og skal dekkje dei gjennomsnittlege produksjonskostnadane for berekraftig produksjon. Ofte er det betalt ein høgare pris enn minimumsprisen.

Med meir rettferdige handelsføresetnader, kan bøndene og arbeidarane sjølv kjempe mot fattigdom ved å investere i produksjon, lokalsamfunn og ei berekraftig framtid. Kaffi, te, sukker, juice, krydder og blomar er nokre av Fairtrade-produkta som er tilgjengelege på den norske marknaden i dag.

Her er lenkja til over 300 ulike råvarer i Fairtrade-produkt oversikta: <https://www.fairtrade.no/produktoversikt.html>

Den kristne kyrkja er ei medmenneskeleg rørsle som tek det globale fattigdomsproblemet på alvor, fordi Jesus sa til oss at 'Du skal elska nesten din som deg sjølv.' (Mark 12,31).

Så tenk på nesten din når du handlar og vel Fairtrade-merka produkt der dei er tilgjengeleg.

Ha ein god og rettferdig handel!

MT



Bladpengar – Gåve til kyrkjebladet

kr 250 for dei som bur innan kommunen.

kr 300 for dei som får tilsendt bladet med frimerke

Bankkontonr: 3741.20.73135

Vippsnummer: 557133

Det er bladpengane du betalar som gjer det mogleg for oss å gje ut Kyrkjeblad for Fjaler. Vi er takksame for at de tykkjer det er kjekt å få bladet i postkassa, og at pengar kjem inn på kyrkjebladet sin bankkonto. Vi håpar å kunne fortsetje med å gje ut tre årlege nummer.

Du som bur utanom kommunen, og får bladet tilsendt med adresselapp, må hugse å **merke innbetalinga med namn og adresse** – også når du betalar via nettbank. Utan adresse får vi ikkje sendt deg bladet.

Alle som har postkasse og bur innan kommunen skal få kyrkjebladet i postkassa si. Det gjeld òg dei som har reservert seg mot reklame. Kyrkjebladet er informasjon og ikkje reklame. Skulle posten svikte deg, har vi alltid blad liggande på kontoret som du kan få.

I kyrkjelyden sidan sist

Guddal

Vigde:

04.06.2022 Karoline Os og Ole Hermann Engen

Dale

Døypte:

24.04.2022 Isak Sande Hatlebrekke
Haldor Vårdal
Alve Nistad Blikås
05.06.2022 Loké Flekke Kristensen
Frøya Rennestraum Sunde
12.06.2022 Konrad Lillestøl Steinseth
(døpt i Sande kyrkje)
26.06.2022 Mathias Høgheim Normann
Isak Madsen-Jørgensen
03.07.2022 Milla Solås (døpt i Holmedal kyrkje)
17.07.2022 Mads Vilfred Halsnes
07.08.2022 Elish Tskhovrebashvili Stav

Vigde:

02.07.2022 Sølvi Rørvik og Roger Andre Solheim

Døde:

28.10.2021 Petter Martin Dale f. 1925
22.03.2022 Jenny Myklebust f. 1927
30.03.2022 Kjell Haugsbakk f. 1940
10.05.2022 Rolf Haugsbø f. 1935
28.05.2022 Marit Johanne Hope f. 1930
11.06.2022 Jens Løseth f. 1945
24.06.2022 Astrid K. Hauge f. 1924

Hellevik

Døde:

27.03.2022 Kåre Ove Eimind f. 1956
15.04.2022 Edvin Bjarne Håvåg f. 1939

Korssundkrossen i Folkestad

Døypte:

31.07.2022 Ovida Hillevi Rye Borge
Othilie Skår
Marcus Berger-Nilsen Øksenberg



*Dei bar småborn til Jesus
for at han skulle røra ved dei,
men læresveinane viste dei bort.
Då Jesus såg det, vart han sint og sa til dei:
«Lat småborna koma til meg og hindra dei ikkje!
For Guds rike høyrer slike til.
Sanneleg, eg seier dykk:
Den som ikkje tek imot Guds rike slik som
eit lite barn, skal ikkje koma inn i det.»
Så tok han dei inn til seg,
la hendene på dei og velsigna dei.
Markus 10, 13-16*

Vil du bestille dåp?

Send epost til

kyrkjesekreter@fjaler.kyrkja.no

eller ring 40 50 94 52

Gudstenestelista finn du i kyrkjebladet

eller på www.fjaler.kyrkja.no.



DEN NORSKE KYRKJA

Fjaler sokn

Velkommen til kyrkje

Sjekk www.fjaler.kyrkja.no, facebook.com/FjalerKyrkja
eller sjå annonsen i Firda kvar laurdag for oppdatert informasjon.

Søndag 21. august

Folkestad bedehusapell kl. 11.00
Gudsteneste med konfirmantpresentasjon. Song v/
Søstrene Våge.
Offer til KFUK-KFUM

Søndag 28. august

Dale kyrkje kl. 11.00
Gudsteneste med konfirmantpresentasjon. Kyrkjekaffi.
Offer til KFUK-KFUM

Søndag 4. september

Guddal kyrkje kl. 11.00
Gudsteneste med konfirmantpresentasjon.
Familiekoret deltek. Kyrkjekaffi.
Offer til KFUK-KFUM

Straumsnes grendahus kl. 13.30
Gudsteneste. Kyrkjekaffi.
Offer til kyrkjelydsarbeidet.

Søndag 11. september

Dale kyrkje kl. 11.00
Gudsteneste. Kyrkjekaffi.
Offer til Kirkens Bymisjon Bergen.

Folkestad bedehusapell kl. 14.00
Gudsteneste. Kyrkjekaffi.
Offer til Kirkens Bymisjon Bergen.

Søndag 25. september

Dale kyrkje kl. 11.00
Hausttakkefest med utdeling av 6-årsboka.
Dåpsskulen og Dale barnekor deltek.
Offer til NMS sitt arbeid i Midtausten.

Folkestad bedehusapell kl. 14.00
Hausttakkefest med utdeling av 6-årsboka. Kyrkjekaffi.
Offer til NMS sitt arbeid i Midtausten.

Søndag 2. oktober

Guddal kyrkje kl. 11.00
Hausttakkefest. Familiekoret deltek. Kyrkjekaffi.
Offer til NMS sitt arbeid i Midtausten.

Straumsnes grendahus kl. 13.30
Gudsteneste. Kyrkjekaffi.
Offer til NMS sitt arbeid i Midtausten.

Søndag 9. oktober

Dale kyrkje kl. 11.00
Gudsteneste med markering av eldredagen. Cantus
deltek. Kyrkjekaffi.
Offer til Kirkens Nødhjelp.

Folkestad bedehusapell kl. 14.00
Gudsteneste med markering av eldredagen. Kyrkjekaffi.
Offer til Kirkens nødhjelp.

Søndag 23. oktober

Dale kyrkje kl. 11.00
Solidaritetsgudsteneste i samband med TV-aksjonen.
Konfirmantane deltek.
Kyrkjekaffi.
Offer til Leger uten grenser.

Guddal kyrkje kl. 14.00
Gudsteneste på nord/sør-søndag. Familiekoret deltek.
Kyrkjekaffi.
Offer til Leger uten grenser.

Søndag 30. oktober

Folkestad bedehusapell kl. 19.00
Salmekveld med allsong, andakt og kveldsmat.
Offer til NMS sitt arbeid i Midtausten.

Søndag 6. november

Dale kyrkje kl. 11.00
Helgemessesøndag. Vi minnest våre døde. Cantus
deltek.
Offer til SOS Bjørgvin.

Søndag 20. november

Dale kyrkje kl. 11.00
Gudsteneste med utdeling av 4-årsboka. Dale barnekor
deltek.
Kyrkjekaffi.
Offer til SOS-Barnebyer.

Folkestad bedehusapell kl. 14.00
Gudsteneste med utdeling av 4-årsboka.
Offer til SOS-Barnebyer.

Søndag 27. november

Dale kyrkje kl. 19.00
Lysmesse. Dale barnekor, 4. klasse frå Dingemoen og
konfirmantane deltek.
Offer til Redd Barna.

Tysdag 29. november

Dale kyrkje 29. november kl 19.00

"Markusevangeliet" - fortelling, fotografi og fiolin v/ Christian Stejskal

Søndag 4. desember

Guddal kyrkje kl. 16.00

Lysmesse. Familiekoret og konfirmant deltek. Utdeling av 4-årsbok.

Offer til Redd Barna.

Folkestad bedehusapell kl. 19.00

Lysmesse. Konfirmantane deltek.

Offer til Redd Barna.

Fredag 9. desember

Dale kyrkje kl. 19.00

Den store julekonserten med lokale artistar.

Kollekt til konsertpianoet.

Søndag 11. desember

Dale kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste. Kyrkjekaffi.

Offer til kyrkjelydsarbeidet.





Kyrkja i Fjaler er på Facebook:
www.facebook.com/FjalerKyrkja

Her finn du oppdatert informasjon om gudstenester, konsertar, osv.

Vi har også heimeside: www.fjaler.kyrkja.no.

Kyrkjeblad for Fjaler**Kontonr.** 3741 20 73135**Bladpengar kr. 250 / 300 for året.****Redaktør:** Knut Arne Kummeneje og Hildegunn Helleset**Prent:** Printfarm AS**fjaler.kyrkjeblad@gmail.com****Kyrkja i Fjaler**www.fjaler.kyrkja.no

Fjaler kyrkjekontor

Dalstunet

Dalsvegen 105A

6963 Dale i Sunnfjord

Tlf. 57 73 97 70 / 40 50 94 52

**Kyrkjekontoret er ope**

måndag-torsdag kl. 9.00-14.00

fredag kl. 9.00-12.00

Er det lys etter stengetid, kom gjerne innom!

Ved oppdrag og ferie kan du oppleve

kontoret stengt også når det skulle vore ope.

Tilsette med kontorplass:**Sokneprest Knut Arne Kummeneje**

jobb: 40 50 94 52, mobil: 908 55 230

knakum@fjaler.kyrkja.no

Kyrkjevevje Irene Fløde

jobb: 40 50 94 52, mobil: 992 38 420

kyrkjevevje@fjaler.kyrkja.no

Mandag, tysdag, torsdag og fredag

Kantor Mark Taylor

jobb: 40 50 94 52, mobil: 975 13 449

kantor@fjaler.kyrkja.no

Kantor har fri kvar torsdag

Sekretær Hildegunn Helleset

jobb: 40 50 94 52, Mobil: 909 60 321

kyrkjesekreter@fjaler.kyrkja.no

onsdag og torsdag

Kyrkjetenarar:**Dale kyrkje**

Atle Lyngstad Ness tlf: 911 49 806

**Hellevik- og Folkestad bedehusapell
Guddal kyrkje**

Anne Brit Mo tlf: 950 21 424

**Vedlikehald av Hellevik og Folkestad
gravplassar** Jostein Folkestad**Fjaler sokneråd****Leiar Trude G Høgseth Felde** tlf: 992 84 351

Vipps #127523 Fjaler sokn

Vipps #557133 Fjaler kyrkjeblad

Vipps #616403 Fjaler kyrkjemusikk

Kontonr. Fjaler sokn: 3741 07 14567

Kontonr. Ljosheim : 3741 20 36701

Bøneringen



Bøneringen i Dale har møttast i snart 2 år no. Vi samlast i bøn for verda, livet rundt oss og den einskilde. Vi følger eit opplegg med dagens tekst, song og med bøn som veksellesing.

I tillegg kan vi be stille eller høgt eigne bøner, eller ei bøn for andre, som har bedt oss be for dei.

Det vil vere veldig fint med fleire samla. Kvar og ein av oss kan bidra til at dei gode bønene kan spreie «ringar i vatn». Jo fleire som samlast, jo betre.

Vi møtast på Ljosheim, torsdagar kl. 11 i partalsveker, og samlinga varer om lag ein time. Oppstart etter sommaren – torsdag 25. august i veke 34.